



Alver Kommune, Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 56b2ac56-c10e-4b7a-adc9-  
276cb14b35e7

Vår: 23/3859 - 23/37206

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:

12.05.2023

## VEG - Uttale - Detaljregulering for fv. 565 Alversundbrua - Offentleg ettersyn og høyring

I samband med offentlig ettersyn og høyring for detaljregulering av fv. 565 Alversundbrua, har eigedomsforvaltning ved avdeling veg-forvaltning sett på plangrunnlaget. Avdelinga har fylgjande kommentarar til planframlegget:

### Planomtale:

Tverrprofil på brua viser fortausbreide på 1,5m over brua skilt frå sykkelveg med ikkje avvisande kantstein. Vi reknar med at breiddemålet er dimensjonert for mindre enn 200 gåande i timen etter N100. Men, med tanke på drift og vedlikehald og utstyrsbreidde på det utstyret som normalt vert brukt i distrikta, vil 2m breitt fortau vere eit meir vedlikehaldsteneleg breiddemål på fortausflata.

Den private gang-/snarvegen frå kommunal veg Kalvatræ til fv565 er i planomtalen foreslått omklassifisert til kommunal veg. Denne vegen er slik den ligg i dag lite eigna for vedlikehald og vinterdrift med kommunen sitt utstyr. Om kommunen skal overta vedlikehaldsansvaret for denne snarvegen, er det viktig at den vert oppgradert i samband med bygging av brua. Då til ein standard kommunen kan handtere og vedlikehalde med eige utstyr.

### Føresegner:

**Raud tekst**, er kommentar som vegavdelinga meiner må inn i føresegnene.

#### 3.1.2 Bustader- Frittliggjande småhus, BF

.....

Mindre påbygg/tilbygg og uthus o.l. kan tillatast nærare enn regulert byggegrense, **gjeld ikkje byggegrense mot veg.**

#### 5.3 Føresegner til vilkår for bruk (område #10-#XX)

**g. Innanfor område merka #X skal det byggjast ei tilrettelagd kryssing for mjuke trafikantar.** (området er vist med blå sirkel under plankart)

Det er ønskje om eit ekstra rekkefølgjeføresegn:

#### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00      www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

6 Rekkjefølgjeføresegner (§12.7 nr 10)

g. Før oppstart av anlegget må det sikrast areal og finansiering for omlegging av o\_KV8 med tilhørende fortau o\_FO5 forbi gamle Alversund skule, gbnr 137/130.


**Plankart:**

Saknar veg-, fortau-, og gangvegbreidder i plankartet, samt frisiktsoner for f\_KV9.

Behov for tydleggjing av siktsoner frå KV7. Her er sikt teikna frå innsida fortau, ikkje 3m inn frå innsida fortau som er normalt. Kva med sikthinder i form av mur/gjerde/plantar inn mot fortau/gs-veg (o\_FO6?) langs o\_KV8?

Utvida kurve i sving, 180° sving, på o\_GG3 for å kunne handtere køyretøy ved vedlikehald.

Skuleveg og ønskje om å få inn tilrettelagt overgang i området med blå sirkel:



Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

Torkjell Holm Brenna  
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver Kommune, Plan og byggesak    Postboks 4            5906                            FREKHAUG